

Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: 03.10.2012
Møtestad: Helse Vest RHF, Stavanger

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Oddvard Nilsen	Styreleiar
Aud Berit Alsaker Haynes	Nestleiar
Ohene Aboagye	Medlem
Gerd Dvergsdal	Medlem
Torill Selsvold Nyborg	Medlem
Olin Johanne Henden	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Kjartan Longva	Medlem
Lise Karin Strømme	Medlem
Reidun Nyborg Johansen	Medlem
Aslaug Husa	Medlem
Tom Guldhav	Medlem

Forfall frå styret

Sveinung Stensland

Deltakarar frå administrasjonen

Administrerande direktør Herlof Nilssen
Fagdirektør Baard-Christian Schem
Eigardirektør Ivar Eriksen
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen
Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen
Kommunikasjonsdirektør Bente Aae
Torunn Nilsen referent

Fellesmøte mellom styret i Helse Vest RHF og Regionalt brukarutval

Møtet blei gjennomført med følgjande agenda:

Innleiing v/ styreleiar Oddvard Nilsen

Presentasjon av RBU v/ leiar Njål Idsø

Rehabilitering og habilitering v / leiar Njål Idsø

- **Regional vurderingseining for rehabilitering**
- **Opphald i utlandet**

Pasientreiser og grenseproblematikk v/ Njål Idsø

Open dialog og oppsummering ved styreleiar Oddvard Nilsen

Sakliste

B 097/12	Godkjenning av innkalling og dagsorden
B 098/12	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 05.09.2012
O 099/12	Administrerande direktør si orientering
B 100/12	Rapportering frå verksemda per august 2012
B 101/12	Konseptrapport - Mottaksklinikk på Haukeland Universitetssjukehus
B 102/12	Oppnemning av medlemmer til valstyre for Helse Vest RHF
B 103/12	Tilleggsbestilling vedr. produktivitet og effektivitet i spesialisthelsetenesta
104/12	Eventuelt

B 097/12 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Oppsummering:

Styreleiar orienterte om at styremøtet var ope for publikum og presse.

Forfall:

Sveinung Stensland har meldt forfall til møtet.

Til dagsorden:

Styreleiar orienterte om at det var 2 nye pkt. på AD si orientering:

Pkt 6. Oppfølging av private ideelle avtalepartar

Pkt 7. Rapport frå prosjektet – Føretaksgrenser i Indre Hardanger

Dokument delt ut i møte:

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var delt ut i møte:

Til AD si orientering:

Notat til AD si orientering pkt 6 - Oppfølging av private ideelle avtalepartar

Til AD si orientering pkt 7 – Rapport frå prosjektet – Føretaksgrenser i Indre Hardanger

Eventuelt:

Det var ikkje meldt om saker til eventuelt.

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden

B 098/12 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 05.09.2012

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 5. september 2012.

O 099/12 Administrerande direktør si orientering

- 1 **Styret si eigenevaluering og vurdering av AD 2012**
Elektronisk skjema for styret si eigenevaluering og vurdering av AD blir sendt ut til styremedlemmene i løpet av veke 42. Skjemaet er uendra frå i fjor.
Tilsvarande prosess går parallelt i alle HF-styra. Styrebehandling av styret si eigenevaluering og vurdering av AD, vil bli i styremøte 5. desember.
- 2 **Endring av dato for styremøte i juni 2013**
For å få med oppdatert økonomirapportering før sommaren, blir styremøtet i juni flytta til 19. juni. Oppdatert møteplan blir sendt ut til styret.
- 3 **Rapportering tilsynssaker**
Administrasjonen viste til utsendt notat.

- 4 **Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden**
Administrasjonen viste til utsendt notat.
- 5 **Oversikt over aktuelle høyringar**
Administrasjonen viste til utsendt notat.
Innsendt høyringsuttale på Gjorv rapporten blei delt ut i møtet.
- 6 **Oppfølging av private ideelle avtalepartar**
Administrasjonen viste til utdelt notat.
Det blir no sett i verk eit oppfølgingsregime i forhold dei private ideelle institusjonane, for å følgje opp fagleg indikatorar på same måte som i helseføretaka.
- 7 **Rapport frå prosjektet – Føretaksgrenser i Indre Hardanger**
Prosjektrapporten frå prosjektet «Utgreiing av føretaksgrenser i indre Hardanger» blei delt ut i møtet og prosjektleiar Helge Bryne oppsummerte tilrådingane frå prosjektet. Rapporten blir no sendt ut på høyring, etterfølgd av styrebehandling i Helse Fonna HF, før saka kjem til behandling i RHF-styret i februar/mars 2013.

Lysark er sendt ut til styret.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok meldingane til orientering.

B 100/12 Rapportering frå verksemda per august 2012

Oppsummering:

Ventetidsutviklinga per august 2012 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling var 80 dagar, medan ventetida for dei som framleis venta ved utgangen av månaden var 95 dagar. Ventetida for ventande har som venta gått opp i løpet av sommaren.

Med unntak av døgnbehandling innan psykisk helsevern for vaksne er aktivitetsnivået innan den somatiske sektoren, psykisk helsevern for barn og unge og psykisk helsevern for vaksne høgare enn til same tid i 2011.

Talet på fristbrot for behandla har gått opp den seinaste månaden. Det er framleis Helse Stavanger som har størst utfordringar knytt til korridorpasientar innan somatikken. Innan psykisk helsevern var det knapt registrerte korridorpasientar i august. Talet på langtidsventande har halde seg stabilt gjennom sommaren. Delen epikrisar sendt innan 7 dagar var 77 % både innan somatikken og psykisk helsevern.

Det økonomiske resultatet i august er kr 63,8 mill som er kr 47,3 mill betre enn budsjettet. Akkumulert resultat er kr 504,1 mill som er kr 129,8 mill betre enn budsjettet. Helse Stavanger og Helse Fonna har inntektsført hhv. kr 13,0 mill og kr 8,8 mill av støtte til dekning av utgifter knytta til Samhandlingsreforma pr. august, noko Helse Bergen og Helse Førde ikkje har gjort. For å få samanliknbare resultat er resultata til desse føretaka korrigert med hhv. kr 21,3 mill og kr 5,8 mill i august. Motsvarande korreksjon er gjort i Helse Vest RHF. Føretaka har teke omsyn til denne kompensasjonen i sine prognoser.

Helse Stavanger har sett i verk tiltak som etter åtte månader har hatt ein effekt på kr 5,3 mill, som er om lag 63 % av planen. Helse Fonna har etablert tiltak på til saman kr 19,5 mill. Tiltaka har per august berre hatt ein effekt på kr 0,9 mill, noko som er ei marginal endring frå førre rapportering. Helse Førde har etablert ein tiltakspakke som har hatt ein effekt på kr 13 mill som er om lag 91 % av planlagd effekt etter åtte månader.

Samla investeringar per august er på kr 767,8 mill. Dette utgjer omlag 49 % av forventa investeringsnivå i 2012. Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskredittramme vurdert å vere tilfredsstillande.

Dette er ein markant nedgang i forhold til sjukefråværet i juli 2012. Det samla sjukefråværet og sjukemeldt fråvær i august 2012 er forbetra i forhold til tilsvarande tal i august 2011. 70,35 % av alle einingane har eit samla sjukefråvær på 5,5 % eller lågare per august 2012.

Det har vore ein auke med 259 netto månadsverk frå august til september 2012 og ein nedgang med 505 brutto månadsverk i same perioden.

Målkravet om ein korrigert gjennomsnittleg stillingsprosent på 87,7 % blei nådd hausten 2011. Den korrigerte gjennomsnittlege stillingsprosenten for august 2012 er på 88,29 %.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 31. august 2012 til etterretning.

B 101/12 Konseptrapport Mottaksklinikk på Haukeland universitetssjukehus

Oppsummering:

Styret i Helse Bergen handsama i møte i januar 2012 (sak 7/12) ei sak om å setje i gang ei utgreiing av Mottaksklinikken på konseptnivå. Det ligg no føre ein konseptrapport.

Rask og presis diagnostikk som utan forseinking fører pasienten til rett behandling på rett stad til rett tid, er ein av målsetjingane for Mottaksklinikken. Etableringa av Mottaksklinikken vil bidra til å optimalisere pasientstraumen gjennom akuttmottak og det vidare forløpet for pasientane.

Det blir føreslått at Mottaksklinikken skal bestå av akuttmottak med 8 integrerte observasjonsplassar og ei sengeavdeling med 63 senger. Konseptet som ligg til grunn føreset rask og mest mogleg komplett diagnostikk i akuttmottaket. Dette skal oppnåast gjennom tilgang til diagnostisk utstyr, inklusiv ei ny radiologisk eining, og med spesialistkompetanse på legesida til stades i akuttmottaket.

I det alternativet som vert tilrådd, er Mottaksklinikken etablert i 1. og 2. etasje i Sentralblokken med eit påbygg i 3. etasje som husar teknisk rom og personalfasilitetar. Totalt areal er ca. 7320 m². Deler av arealet som vart bygd om i 2009 kan bevarast i 1. etasje.

Etablering av Mottaksklinikken vil medføre ein investeringskostnad på 289 millionar kroner. Dette inkluderer bygg, medisinsk teknisk utstyr (MTU) og IKT. Driftskostnadane, eksklusiv avskrivingar, er estimerte til 186 millionar kroner i året.

Utviklinga av konseptrapporten har skjedd i nært samarbeid med representantar for aktuelle avdelingar i sjukehuset. Både tillitsvalte, verneombod og ein representant frå Brukarutvalet har delteke i prosessen.

Vedtak (samrøystes):

Styret i Helse Vest RHF godkjende at prosjektet Mottaksklinikk på Haukeland universitetssjukehus blir vidareført til forprosjekt.

B 102/12 Oppnemning av medlemmer til valstyre for Helse Vest RHF

Oppsummering:

Helse Vest RHF har eit styre med 13 styremedlemmer. Ni av desse styremedlemmene er oppnemnde av eigar, mens fire er valt av og blant dei tilsette i føretaksgruppa. Styremedlemmene blir oppnemnde for to år om gongen. Det blei sist gong gjennomført val på styremedlemmer til Helse Vest styret i februar 2011. Alle dei fire styremedlemmene som er valt av og blant dei tilsette, er til val i 2013.

Ved valet skal det bli valt fire styremedlemmer og fire vararepresentantar.

Vedtak (samrøystes):

Styret i Helse Vest RHF vedtok at valstyret for Helse Vest RHF, for valet i 2013, skal ha følgjande medlemmer:

- Aslaug Husa, konserntillitsvald for LO, Helse Stavanger
- Toril Østvold, konserntillitsvald for SAN, Helse Stavanger
- Hilde Christiansen, personal- og organisasjonsdirektør, Helse Vest RHF

B 103/12 Tilleggsbestilling vedr. produktivitet og effektivitet i spesialisthelsetjenesten

Oppsummering:

De regionale helseforetakene ble i brev av 11.04.12 fra Helse- og omsorgsdepartementet gitt en tilleggsbestilling vedrørende produktivitet og effektivitet i spesialisthelsetjenesten. Brevet er vedlagt.

Tilleggsbestillingen gjaldt en vurdering av organiseringen av medisinske støttefunksjoner som laboratorie- og røntgentjenester med en redegjørelse for kostnadsnivået på medisinske støttefunksjoner, drøfting av potensialet for mer effektiv organisering og konkrete forslag til mulige forbedringstiltak.

Oppdraget er en tilleggsbestilling til protokoll fra foretaksmøtet i januar 2012.

Helse Midt-Norge ble bedt om å lede arbeidet.

Opprinnelig frist for arbeidet var satt til 1. juli 2012. Det ble i forståelse med departementet innen den frist fra Helse Midt-Norge lagt frem en plan for alternativ innretning og tentativ fremdrift for arbeidet, jf vedlagte brev av 29.06.12.

Som ledd i det videre arbeidet med oppfyllelse av oppdraget har Helse Midt-Norge utarbeidet et forslag til en felles styresak for de regionale helseforetakene. Dette felles utkastet ligger til grunn for denne styresaken.

Det anbefales her at det nasjonale oppdraget løses ved å se på effektiviserings- og samordningspotensialet innen hver region. Det kan da bygges på de omstillingsprosesser som allerede foregår i de forskjellige regionale helseforetak, uten å gå veien om en nordisk sammenlikning. Fordelen med en slik løsning er at omstilling av støttetjenestene allerede inngår eller vil inngå som en integrert del i de endringsprosesser som pågår i helseregionene.

Det anbefales at arbeidet organiseres i to faser. I første fase foretas en kartlegging av hvilke prosesser som allerede er gjennomført i de forskjellige regionene. I fase to utarbeides forslag til standardiseringer og strukturelle endringer som kan bedre effektiviteten og samordningen innad i regionene.

Vedtak (samrøystes):

Styret i Helse Vest RHF vedtok, under forutsetning av eiers godkjenning, plan for oppfyllelse av oppdraget "Tilleggsbestilling vedr. produktivitet og effektivitet i spesialisthelsetjenesten" gitt i brev av 11.4.2012 fra Helse- og omsorgsdepartementet til de fire RHF-ene, slik det er beskrevet i saksframlegget og brev av 29. juni 2012 fra Helse Midt-Norge til Helse- og omsorgsdepartementet.

104/12 Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.

SKRIV OG MELDINGAR**Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:**

- Brev frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 220812 – Rapportering frå Helse Vest RHF per juli 2012
- Brev frå Fylkesmannen i Hordaland til Helse Vest RHF, dagsett 070912 – Tilsynsmessig oppfølging av operasjonskapasitet ved Haukeland Universitetssjukehus, Helse Bergen HF
- Brev frå Helse Vest RHF til Helse Bergen HF, dagsett 130912 – Operasjonskapasitet ved Haukeland Universitetssjukehus, Helse Bergen HF
- Brev frå Fylkesmannen i Hordaland til Helse Vest RHF, dagsett 070912 – Vidare oppfølging – tilsyn med barne- og ungdomspsykiatri – Helse Vest RHF
- Brev frå Gunn Sande til Helse Vest RHF, dagsett 080912 – Retten til følgetjeneste når du skal føde
- Brev frå Helse Vest RHF til Gunn Sande, dagsett 170912 – Retten til følgetjeneste når du skal føde
- Brev frå Erlend Bakke til Helse Vest RHF, dagsett 090912 – Bryt Helse Stavanger HF lov om målbruk i offentleg teneste
- Protokoll frå Regionalt Brukarutval i Helse Vest RHF, dagsett 300812

Følgjande skriv og melding var delt ut i møtet:

- Høyringsuttale, dagsett 250912 – Høyning Gjörv-rapporten – frist 26. september NOU 2012:14 Rapport frå 22/7-kommisjonen

Ref. Torunn Nilsen
03.10. 2012

Oddvard Nilsen
Styreleiar

Aud Berit Alsaker Haynes
Nestleiar

Ohene Aboagye

Gunnar Berge

Sett:

Gerd Dvergsdal

Sveinung Stensland

Torill Selsvold Nyborg

Olin Johanne Henden

Lise Karin Strømme

Tom Guldhav

Reidun Nyborg Johansen

Aslaug Husa

Kjartan Longva